

# **Retningsliner**

**for**

**nedgravne avfallscontainerar**

Reviderte 28.03.17 i styrssak 19-17

Delt avslagf. 

## **1. Kva retningslinene handlar om.**

**Retningslinene gjeld nedgravne containerar for oppsamling av avfall frå hushaldninga. Retningslinene føreset at det vert gått inn kontrakt mellom brukar og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR).**

Med dette meiner vi eit system med nedgravne fundament som inneheld ein container med botntøming. Disse containerane skal tømmast med renovasjonsbil m/ kran eller kranbil. Containerane vil være førebudde for tilgangskontroll (identifikasjonssystem) og automatisk måling av fyllingsgrad. Systemet gjeld hushaldningsavfall. Næringslivet må som før få sine tenester dekt frå dei aktørane som arbeidar med næringslivsrenovasjon.

Containerane kan gravast ned både i områder med lausmassar og områder med fast fjell der systemet er egna.

Formålet med innføringa av nedgravne avfalls- containerar er å tilby ei løysing som gir nærmiljøet betre estetikk, redusert brannrisiko, høgare servicenivå, betre arealbruk, mindre trafikk av renovasjonsbilar og minimert forsøpling.

For nærmare detaljar om utforming, funksjoner, tilgangskontroll, priser m.m. viser vi til VØR sin brosjyre om nedgravne avfallscontainerar.

Retningslinene omhandlar alle i eit sameige / bufellesskap, og VØR har rett til å pålegge alle innafor eit gitt geografisk område å delta i denne ordninga.

Ordning med nedgravne løysingar er veleigna dersom den omfattar 25-50 bustadeiningar. Nedgravne løysingar for færre enn 20 bustadeiningar er frårådd.

## **2. Spesifikasjonar**

### Plassering :

- Dei nedgravne containerane skal, så sant det er råd, plasserast på privat grunn.
- Eventuell plassering i det offentlege rom skal tilvisast av Kommunen.
- Dei nedgravne containerane skal plasserast og vedlikehaldas slik at tøming kan utførast i tråd med renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta Kommunar.
- Burettslaget / utbyggjar må innhente dei nødvendige løyver frå kommunen med omsyn til arealdisponering og graving.
- Alle containerane må vere tilgjengelege også for personar med gåstol eller rullestol.

### Sikring

- Den nedgravne eininga og utstyret må sikrast mot parkering og påkøyring.
- Lokalitet må utformast slik at ikkje overflatevatn vert leia inn mot eininga.

### Avstandar

- Containeren skal frå bakkenivå ha ei fri lyftehøgde på 9,0 meter.
- Ytterkant av container skal plasserast minimum 1,0 meter frå vegg eller andre konstruksjonar som kan skadast under tøming.
- Containeren sitt krokfeste skal vere maks. 3,0 meter frå køyrbar veg.
- Tilrådd avstand frå bustadeining til nedgrave container bør ikkje overstige 150 - 200 meter i luftlinje.

### Dimensjonering av volum

- Nedgrave container skal dimensjonerast slik at tøming ikkje vert utført oftare enn ein gang annakvar veke.
- Nedgrave container for respektiv restavfall, papir, papp og plast har brutto - volum på 5000 liter. Glas og metall i tillegg av matavfall har volum 3000 liter.

### Tøming

- Tøming av container som inneholder matavfall skal av hygieniske årsaker utførast anna kvar veke. VØR kan ved behov fastsette rutinar for hyppigare tøming i periodar.
- Container for papir/papp/plast og glas/ metall / restavfall ved behov.

### Elektronikk

- Nedgravne containerar kan verte utstyrt med elektronikk for måling av fyllingsgrad. Etter avtale, og i tråd med VØR sine spesifikasjonar, vert det då i alle einingar montert trådlaus dataoverføring og tilgangskontroll.

### Omfang

- Alle i eit sameige / bufellesskap/ område må delta i ordninga. Dersom ein ikkje vert samde, kan kven som skal delta, fastsetjast av VØR.

### **3. Overtaking / eigartilhøve**

- Brukar står for finansiering av grunn, betong yttercontainer og installasjon / tillaging av området rundt. VØR held kranbil som løfter ned i betongelementa monterer sikringsplattform, støtteføter og stålcontainer.
- VØR tar over ansvaret for all vidare drift etter ferdiggjering installasjon. Det inkluderar vedlikehald, men ikkje hærverk, i tillegg av fornying av dei nedgravne avfallscontainerane.
- Brukar har ansvaret for å halde det reint og ryddig rundt dei nedgravne containerane, moko snø når det er naudsynt for tilgjenge og føre tilsyn slik at funksjonaliteten for den nedgravne eininga er sikra.

### **4. Organisering**

VØR sitt ansvar	Brukar sitt ansvar
<ul style="list-style-type: none"><li>• Fastset dimensjonering og gir råd om plassering</li><li>• Fastset tilgangskontroll-løysing, inkludert eventuell dispensasjon frå krav om dette.</li><li>• Godkjenner plassering av nedgravne containerar.</li><li>• Innkjøpsansvaret for nedgravde containere.</li><li>• Utarbeiding av informasjons – materiell.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Underskriven avtale med VØR om nedgravd renovasjonsløysing.</li><li>• Organisere graving for nedsetting av containerar, etter tilvising frå VØR, inkludert naudsynte løyper. Sjå teknisk informasjon for nedgravne containerar.</li><li>• Ivareta tilstelling av ute-miljø knytt til dei nedgravne containerane.</li><li>• Fjerning av snø og andre hindringar, som gjer anlegget universelt tilgjengeleg.</li></ul>

## 5. Investeringskostnader

VØR sitt ansvar	Brukar sitt ansvar
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leveranse/transport av innercontainer og betong yttercontainer med innkastdel fra leverandør til VØR.</li> <li>• Evnt software montert på innkast.</li> <li>• Volumkontroll.</li> <li>• Køyrety for töming av nedgrave container.</li> <li>• Evnt administrativ dataprogramvare</li> <li>• Evnt identifikasjonsbrikker til abonnentane.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Graving av grop til betong ytterkonteinrar og tillaging rundt etter at betongdelen er sett ned.</li> <li>• Betongelementa</li> <li>• Sikring av containerane mot påkjøring og inneparkering.</li> </ul>

## 6. Driftskostnader

VØR sitt ansvar	Brukar sitt ansvar
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Töming av avfallet</li> <li>• Reinhald av innercontainer og innkastdel</li> <li>• Generelt vedlikehald og utskifting av deler til heile systemet. Unntaket er utskifting som fylge av hærverk eller manglende tilsyn frå burettslaget sin side.</li> <li>• Lensing av vatn frå betong container anten det skuldast därleg grunnarbeid eller därleg vedlikehald / brøyting.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ivareta ansvaret for reinhaldet rundt dei nedgravne containerane. Dette inkluderar snømoking for å sikre tilgjenge for alle og å hindre at overflatevatn kjem inn i systemet.</li> <li>• Rest og matavfallet skal pakkast i tettknytt plastpose og knytast godt igjen for å unngå lukt og anna ubehag.</li> </ul>

## 7. Når retningslinene gjeld:

Retningslinene er heimla i renovasjonsforskriftene for Volda og Ørsta Kommunar og gjeld frå det tidspunkt styret fastset disse og inntil styret i Volda og Ørsta Reinhaldeverk IKS fastset nye retningsliner.

VÅRE  
PRODUKTER




## Metro undergrunnscontainer

Prod.nr: Metro undergrunnscontainer


Den estetiske løsning for avfall under bakken. Markedslederen har vært i bruk i mer enn 25 år i Europa, dermed sikres høy kvalitet og lang levetid.

## Korrekt plassering av Metro i terrenget



Sørg for at regn- og smeltevann fra is og snø ledes vekk fra installasjonen. Det må også hensyntas område mellom containerne. Sørg for at området rundt er drenert. Er plasseringen nær en skråning må dette hensyntas. Asfalt, brostein o.l. legges høydemessig minimum 1 cm under ytre avrunding på topplammen. Det kreves minimum 20 cm mellom hvert element. Står de tett er det vanskeligere å fylle/pakke massen. Større mellomrom er å foretrekke.

# Feil plassering av Metro i terrenget



Dette viser hvordan det absolutt ikke må installeres.

Med fall inn mot containeren vil regn- og smeltevann fra  
is og snø bli ledet ned og inn i brønnen. Installasjonen  
er ikke korrekt og garanti ikke gyldig.

